

Den nye skulen ([Navn])

14 August starta eg på den nye skulen min. Eg kom i klassen med mange av vennene så eg blei veldig fornøyd. I byrjinga gjor me eigentleg ikkje så mykje, me registrerte nye bøker og fekk veta kor og kortid me skulle ha da og da faget. I friminuttet første dagen, såg eg at folk eigentleg bare sitte på ein benk i gangen eller så går dei rundt skulen. Eg og vennane mine gjer da same for vist du er ny og ikkje veit heilt kva folk gjer på eller vist du gjer noko feil så komme du til å føle deg veldig utanfor. Det er veldig vanleg å lage gjengar eller ei gruppe.

I timane har me da gøy, og eg er veldig fornøyd med dei kjekke lærarane våre Mads og Inger. Mads pleier og ofte ha litt lekar og quizar med oss. Inger er veldig morosam og ei sprudlande kjekk dame. Me har ikkje vald språkfaget enno for me skal har 2 veker med prøving av kvart språk, spansk, engelsk fordjuping, tysk og arbeidslivsfag. Me har litt eksperiment med Inger i naturfaget. Me har eksperimentert vanilje-is og lagd såpebobler. I valfaget har eg sal og scene og det er superkjekt. Me har lagd små stykker, lagd masker så me skal bruke i skodespelet og me har hatt mange kjekke lekar. I sal og scene ler me alltid og så har me da aldri kjedeleg. Matten så eg trudde skulle bli kjedeleg er ganske gøy og morosam. Me har pop-quiz og me har løgne forteljingar for eksempel: Ein dag kjøpte Emil 100.000 ølboksar, kor mykje måtte han betale?. I engelsken har Inger, me sett film og hatt om eventyr. Me har allereie hatt framføring i Norsk og Engelsk. Me har ikkje fått karakter ennå så eg er sikker på alle er veldig spente. I friminutta sitte me på ein benk og snakke, men på onsdagane får me bruke biblioteket i midttimen. Då kan me sitte på pc-en og spela, gjera lekse, og me kan lesa bøker. Me kan og høyra på musikk og se på Youtube. Ungdomskulen er ingen lett jobb, men den er heller ikkje noko vanskelig jobb heller. Det er ikkje så mykje lekser, og me får to-vekers plan så du kan gjer alle leksene på ei veka, da synes eg er veldig bra. Miljøet på skulen er heilt ok, det er ikkje så mykje boss eller søppel så eg hadde forventa, me er ungdommar og ein veit aldri kva dei drive med. Skulen er litt ekkel og lufta er ikkje så veldig bra, men det er derfor me har elevrådet til å hjelpa oss. Dei har nettopp fiksa lufta og det blir betre og betre så da er eigentleg ikkje noko å bekymra seg over.

Den nye skulen er veldig grei. Kvart år arrangerer skulen noko som heiter Skule-joggen som heile skulen springer. Det er 5 km så det er litt tung, men eg skal springe for da om. Du kan velge om du vil gå, jogga eller konkurrere. Skulen trekker ut dei fem beste løpa av jentene og guttane i gjennomsnitt fra kvar klasse, premien er at heile klassen får gå på pizzabakeren og spise masse pizza. Som oftast vinne 10. Klasse, men i år skal me i 8. visa at me er best. Gled

s628gn

deg veldig masse til Ungdomskulen du kommer til å få det veldig kjekt og fint der. Kanskje vist du begynne på [Navn] så møte du meg. Dette var om Ungdomskulen min [Navn] og bare gled deg du skal gjer mykje kjekt.